

Referat frå styremøte i Breidablikk hytteforening

Dato: 23. februar 2019, kl. 11.00 – 13.00

Stad: Hytta til Roger Howden

Tilstades på møtet:

Gry Berg-Rusten, Roger Howden, Bodil Berge, Tor Hole, Kjell Warholm og Kirsti Gjørvad

Distribusjon: Medlemssider: www.breidablikk.info

Agenda:

- Godkjenning av siste referat
- Status økonomi og innbetaling av medlemsavgift 2019.
- Opne saker frå sist styremøte
 - o 180929-2: Mulig omregulering mht. innlagt vatn
 - o 180929-3: Gamle Geirangerveg – eigarforhold og ansvar for vedlikehald
 - o 180929-5: Vedlikehald av parkeringsplassen og tilkomstveg frå RV 15
 - o 180929-7.1: Feieavgift
 - o 180929-7.2: Kostnader knytt til administrasjon av heimesida
- Påskeleikar 2019
- Nøklar til boda – kodelås?
- Praksis for køyregodtgjersle ifm møter med for eksempel Skjåk kommune.
- Andre saker
 - o Mobildata 4G
 - o Oppkøyring av skiløyper
 - o Avfallskontainer for grovavfall

Innkalling og referat frå styremøtet 29.09.2018 vart godkjent.

190223-1: Status økonomi og innbetaling av medlemsavgift 2019

Totalt 19 medlemmer har betalt pr 23.02.2019. Styret sjekkar opp om vi kan bruke VIPPS bedrift for innkrevjing og betaling av medlemsavgift. Avtalen med Eidsiva bredbånd AS frå 2010 om leige av plass på boda til radioantenne til kr 1500,- pr år, skal indeksregulerast med basis i 10.1.2010. Vi sender faktura. Disponibelt på konto pr 23.02.2019: kr 30.950,-.

180929-2: Mulig omregulering mht innlagt vatn

Styret har sendt spørsmål om status i saka til plan og bygningsetaten i Skjåk kommune. Mange saker i kommunen er lagt på vent, grunna stor arbeidsmengde med dei store flaumskadane som har fått prioritet. Ny kontaktperson i Skjåk kommune for hytteforeninga er frå 1.april Lars Kurt Haugen.

Vedtak: Styret fylgjer opp, og etterspør dialogmøte mellom kommunen og hytteforeningane.

180929-3: Gamle Geirangerveg eigarforhold og ansvar for vedlikehald

Etter brevveksling med Skjåk kommune i 2018 og ordføraren sitt innlegg på medlemsmøtet i september der han informerte om føreståande møte med vegvesenet Lillehammer i oktober 2018,

Breidablikk hytteforening

har det vore stilt i saka. Det var også snakk om mulig graving i delar av Gml Geirangerveg i samband med legging av fiberkabel, som heller ikkje er avklara. Medlemmar i hytteforeninga legg ned mange timar årleg med dugnad i vedlikehald av vegen.

180929-5: Vedlikehald av parkeringsplassen og tilkomstveg fra RV 15

Etter vasskadane i snøsmeltinga i mai 2018 er det ikkje gjort vesentlege utbetringar av parkeringsplassen og vegen. Vegvesenet var på befarung og foretok grusing av tilkomstvegen, men ikkje parkeringsplassen. Både tilkomstvegen og parkeringsplassen krev snarleg utbetring og vedlikehald.

Vedtak for vegspørsmåla: Styret tek kontakt med Mesta om å brøyte godt ut i alle kantar av parkeringsplassen til påske. Vi registrerer dugnadstimar på vedlikehald av vegen. Styret tek ny kontakt med kommunen med krav om avklaring på ansvaret, og plan for utbetring/vedlikehald.

180929-7.1: Feieavgift

Styret ser ingen grunn til å gjere noko i forhold til den årlege feieavgifta, som skal dekkje feiing kvart 8.år. Den enkelte hytteigar må gjere avtale med feiaren direkte.

180929-7.2: Kostnadar knytt til administrasjon av heimesida

Etter vurdering av ulike tilbod på serviceavtalar for heimesida har vi konkludert å bruke DMT Alvdal også for neste periode.

190223-2: Breidablikk Påskebaluba 2019

Vi har gitt den årlege påskeaktiviteten namnet Breidablikk Påskebaluba, og vil som tidlegare år bestå av skileik og aking. Tid og stad vert som før: Skjærtorsdag kl 16:00, ca. 100 m aust for buda.

Styret kjøper inn pølser, brød, lompe, ketchup, sennep, løk, buljong, godteri, serviettar, eingongskoppar og saft/gløgg. Vi anskaffar krabbekokar med gass + stor panne og bålpanne. Dette blir oppbevart i buda for felles bruk blant medlemmane. Anna utstyr: megafon, merkeband, stikker, spade, og førstehjelpsskrin, pennar/blyant og papir. Styret undersøker muligheit for gevinstar med banken, og bedrifter vi har kontakt med. Vi lagar plakatar for oppslagstavla på buda, info på heimesida og i medlemsbrevet til påske.

190223-3: Nøklar til buda- kodelås ?

Vi held fram med ordninga med hengelås og nøklar. Kjell skaffar nøklar til dei som melder behov. Depositum kr 200,-.

190223-4: Praksis for køyregodtgjersle ift møter med t.d. Skjåk Kommune

Om det er møte med kommunen eller andre eksterne partar i tilknytning til helg når ein likevel skal på hytta kan ein føre opp køyregodtgjersle etter statens satsar for meirkøyring t/r frå hytta til møtestaden. For møter der ein må køyre t/r frå heim til møtestad vert den distansen sett opp.

190223-5: Mobildata – 4G

Det er elendige forhold for 4G i hyttefeltet. Masta med 4G og DAB gir ingen virkningar i nærområdet. Styret sjekkar opp retningsstyrte antenner. Kontaktar også Relacom.

Breidablikk hytteforening

190223-6: Oppkøring av skiløyper

Styret kontaktar Skjåk Turløyper for oppkøring av løyper i hyttefeltet som i fjor, langs Gamle Geirangerveg frå Grotli til Breidablikk. Frivillig betaling via VIPPS. Vi tek opp på årsmøtet om hytteforeninga skal betale ein sum til Skjåk Turløyper for å få køyrt opp løyper i løpet av vinteren.

190223-7: Avfallskontainer

Kontaineren på parkeringsplassen vert stadig fylt med grovavfall som byggmateriale og ulike metallgjenstandar, madrasser m.m. Styret vil følgje opp forslaget om avfallssortering på Grotli.

Neste styremøte: 1 juni 2019.

Ved behov vert det kalla inn til arbeidsmøter vedr vatn og veg.

27. mars 2019

Styret i Breidablikk Hytteforening